


fiskeguiden

:: norsk



Vinje kommune



Velkommen til fiske i Vinje!

Vinje kommune er den vestlegaste og største kommunen i Telemark – større enn Vestfold fylke. Hundrevis av små og store vatn dekkjer til saman eit areal på 250 km².

Kommunen har tre sentra, Åmot, Rauland og Haukeli/Edland. Frå låge, skogkledde heiar kring Åmot breier landskapet seg oppover mot dei høgaste nutane på Hardangervidda. Ein relativt kalkrik berggrunn gjer at dei fleste vatn og elvar i Vinje er blitt skåna mot verknadene av den sure nedbøren som trugar innlandsfisken over heile Aust- og Sørlandet. I dei fleste vatna har fisken god kvalitet. Rikeleg med krepsdyr på menyen gjev auren og røya det nydelege raudfarga kjøtet.




Foto: Stig Børre Elvegård

Me viser i denne brosjyren kor lett det er å få tilgang til eit spennande og variert fiske i dei mange vatna og vassdraga i kommunen, heile året. Om du fiskar med sluk, spinnar, fluge eller makk, vil du alltid kunne finne ein stad der tilhøva er akkurat slik dei skal vera! For dei som likar å fiske på isen etter røye er dei store vatna ei kjelde til matauk og trivnad heile vinteren. Om våren er fisket særleg godt etter isløysinga, dvs. tidleg i juni. Høgare til fjells vil isen vanlegvis ligge til omlag 20. juni og ofte lenger. Elles er det ein bra sesong frå juli og ut september.



Foto: Jostein Kristiansen

For dei fleste er fiske meir enn berre matauk. Me som bur i Vinje er stolte over den kombinasjonen av natur og kultur som gjer at denne staden er litt ulik alle andre. Over alt kan ein sjå små spor etter menneske som gjennom tidene har nytta naturtilgangane i utmarka – den gongen fordi dei var nøyddde til det. I dag kan sportsfiskaren



Foto: Stig Børre Elvegård

nyte gleden over å ferdast i eit vakkert, stundom idyllisk og stundom dramatisk landskap i vekslende ljøs og ver, utan uro over uvisse utsikter til livberging. Og det å hente sprellande ferske, fyrsteklasses råvarer for fyrstelege måltid beint opp av vatnet, slik folk i Vinje har gjort sidan steinalderen, det er nesten ei eksklusiv handling i våre dagar. Til viktigare er det å unne seg denne nærleiken til naturen. Såleis trur me òg at det blir skapt positive haldningar til vern om natur og tradisjonar. Det vil gjera det lettare for oss å gjeva desse verdiane vidare til dei som kjem etter.

Me ynskjer deg hjarteleg velkomen!

Skitt fiske!




Foto: Halvor Vinje

Fisken i Vinje



Det er auren som rår i dei fleste vatna i Vinje. Aurestammene kan vera talrike, og storleiken ligg gjerne mellom 200 og 400 gram. Men ikkje sjeldan kjem ein over bortgøynde tjønningar og vatn der auren er meir fåtallig, og derfor jamt over større. Fisken er likevel gjennomgåande i god kondisjon både i elvar, bekkar og vatn, og er raud og delikat i kjøtet.



I dei store reguleringsmagasina har den pelagiske røya tilpassa seg så godt til skiftande vasstand at mengda er blitt i største laget. Dermed blir fisken relativ liten, sjeldan meir enn 100-200 gram. Det har vist seg vanskeleg å få til eit effektivt røyefiske for å betre balansen i høve til næringstilgangane, men smårøya er likevel velsmakande, raud i kjøtet og utruleg populær blant dei mange isfiskarane som kjem att kvart år, heilt frå Sverige og Finland. Og no og då er det nokon som dreg opp duglege røyesselugar på 2–3 kilo. Det er ei oppleving verdt ei lang reise!

Stell og oppbevaring av fisken

Det er ikkje mykje som smakar betre enn fersk aure og røye. Hugs å ta med aluminiumsfolie, litt smør, salt og pepper når du dreg på tur. Det du elles treng for å laga eit festmåltid, finn du i naturens eige kjøkken!

Når du har reinska og skrapa fisken, krydrar du han med salt og pepper, legg ein klatt smør i buken og pakkar han inn i folien, gjerne saman med ein kvist frisk einer. Legg den innpakka fisken i glørne på bålet i 10–30 min, avhengig av storleiken. Snu han no og då slik at han blir jamt steikt.

Har du ikkje folie, kan ei oppbløytt avis gjera same nytten. Framgangsmåten er likeins. Fisken kan sjølvsgagt òg steikjast i panne eller grillast på bålet. Fersk fisk smakar fantastisk, nesten same korleis han er tilstelt!

Skal du ta vare på fisken ei stund, bør du finne ein kjølig plass. Pass på så fisken ikkje kjem i kontakt med jord, og dermed farlege bakteriar. Ei snøfonn, ei myr eller ei kald vasskjelde kan fungere som kjøleskap for eit par dagar. Pakk alltid fisken godt inn før du legg han frå deg slik!

Hugs at ein ikkje bør fange meir fisk enn det ein har bruk for. Slepp heller fisken uti att!



Foto: Jostein Kristiansen

“Aure og røye av ypperste kvalitet. Ikkje mykje smaker betre enn nyfanga fisk. Enten den blir tilberedt i panna eller ved bålet!”



Foto: Ove Bergersen

“Solmogne molter høyrer med til dessert etter eit velsmakande fiskemåltid”

Utstyr og fisketips

Fiske med sluk og spinnar



Fisking med sluk og spinnar er ein effektiv fangstmetode heile våren, sommaren og hausten. Det er dessutan utruleg moro når det er bra bit! Dei fleste fargekombinasjonar kan brukast, og mange har sine egne favorittar. Gode kombinasjonar for auren i Vinje er *raud og kopar*, *sylv og raud* og *svart og gul*. Wobblarar og sildeslukar kan vera verkelege godbitar for storauren og bør prøvast! 0,18 – 0,25 mm sen gjev høve til relativt lange kast. Spinnarar frå 2-6 gram og slukar frå 4–12 gram er vanleg storleikar.

Fiske med fluge



Dei som sverjar til fluga, har likeins tallause stader å prøve seg, både med flugestong eller fluge og dupp. Tidleg i sesongen kan nymfer og myggimitasjonar lokke auren. Seinare, når døgnflugene tek til å klekkje, kan ein gå over på imitasjonar av desse. Når så vårflugene startar klekkinga, kan ein oppleva eit godt fiske i dei seine sommarkveldane med imitasjonar som *Streaking caddis*, *Elk hair caddis*, *E12* og *Goddard Sedge*. Andre fluger som *Montana*, *Daddy longlegs* og døgnfluge- og myggimitasjonar er gode i dei fleste vatn.

Fluge og dupp er til tider ein effektiv måte å fiske på. To opphengarfluger framom dobba er vanleg. Bruk dobber som kan fyllast med grus eller bly, dei gjev lange kast. Ei stong på 9 fot er høveleg for å få flugene langt framom dobba. Gode tradisjonelle våtfluger er vanleg å bruke. Mønster som har vist seg effektive i Vinje er *Black gnat*, *Zulu*, *Zulu silver*, *March brown*, *Telemarkskongen* og *Greenwells glory*.

Fiske med makk

Denne tradisjonsrike fiskemetoden verkar framleis bra i dei fleste vatn og vassdrag. Prøv å variere med og utan dobbe. I elvar og bekkar kan makk med eit lite blyokke verkeleg gjera susen. Kast ut i fossar, bak steinar og i evjer, lat agnet søkkje og sveiv varsamt inn. Hogget kjem gjerne brått, så følg godt med! For dei som likar mørke augustkveldar kan *harvefiske* vera tingen. Ein dreg då makklysa like under overflata langs land. Det er gjerne heilt mørkt, så når ein høyrer eit plask skal ein fyrst senke stonga i eit par sekundar, for så å gjera tilslag.

Isfiske

For fisket etter røya vil det vera vanleg å bruke *røyeblinkar* av ulike slag. Dei fleste fargar fungerer, men raud, kvit og kopar er særleg gode. Sume brukar òg å føre fiskeklassen med ost, kjuke, rekeskal o.a. eit par dagar før ein skal til å fiske. Dette gjer at røya samlar seg ved holet, og slik kan ein få store fangstar. Auren er ofte vanskelegare å få på isen, men utover våren er det verdt å prøve lykka. Mormyskja og makk/maggot kan då vera eit bra val. Ein bør velje mindre blinkar til auren, som blir lettare skremd av dei største røyeblinkane.

Kom alltid i hug ispiggar, og gå langt unna råker. Vårisen kan vera utrygg!

På Rauland kan ein leige utstyr for isfiske på Rauland Turistkontor.



Streaking Caddis



Rapala wobblarar



E 12

“Tradisjonelt gode fluger og wobblarar for aurefiske”

Fiskeknutar

Ein god knute er viktig for å berge fangsten. Kven har ikkje opplevd at storfisker glapp fordi knuten ikkje tolde kjempa? Hugs å kontrollere knutane jamleg, og å fukte knuten før du dreg til!



Dobbel Slukknute

Den sterkaste og beste knuten for spinnarar og slukar.

Sume brukar enkel slukknute, men denne har nesten 40% mindre styrke!

Opphengerknuten

Ein knute som kan vera grei å bruke når ein fiskar med fluge og dobb, der ein skal ha flugene framom dobba.



Blodknuten

For skøyting av snører. Snøra bør ikkje vere for ulikt grove.

Enkel Turtleknute

Ein knute til å feste fluga til fortaumen med, eller til snøret når ein fiskar med fluge og dobbe.



Fiskereglar

1. Kjøp av eit fiskekort gjev rett til fiske med stang og handsnøre i vatn/på eigedomar som fiskekortet gjelder. Dei som fiskar pliktar å setje seg inn i kvar det er lov å fiske og gjeldande fiskereglar.
2. Fiskekortet er personleg og kan ikkje overdragast til andre.
3. Born under 16 år kan etter Lov om innlandsfiske fiske fritt med stong og handsnøre.
4. Ved kontroll har alle plikt til å vise fiskekort eller legitimasjon (born).
5. Fiske med levande fisk som agn og spreining av nye fiskeartar er strengt forbode! Det er heller ikkje lov å flytte levande fisk til andre vatn eller vassdrag.
6. Fiskereiskap, støvlar og vadarar skal tørkast før det vert tatt bruk i eit nytt vatn eller vassdrag, slik at ein unngår spreining av levande organismar og sjukdom.
7. Fiskereiskap som er nytta i vatn eller vassdrag med smittsam fiskesjukdom skal desinfiserast.
8. Hugs å sløye og vaske fisken i det vatnet han er fiska.
9. I perioden 1. september til og med 31. oktober er det forbode å fiske nærare elve- og bekkeosar enn 300 meter, samt oppover vassdrag så langt auren kan vandre.
10. Det skal ikkje fiskast nærare føringsanlegg enn 300 meter og ikkje nær utsette garn eller ruser.
11. Det er berre lov å fiske med enkel reiskap, som ein sluk eller ein spinnar.
12. Ved fiske frå båt er det ikkje lov med meir enn 4 reiskapar per båt.
13. Nytt deg av etablerte rasteplassar og hugs skogbrannfaren! Det må ikkje gjerast opp open eld i tida 15. april til 15. september.
14. Far varsamt i naturen. Kast ikkje frå deg avfall, fiskesnøre eller liknande. Vis omsyn til andre fiskarar, turfolk og brukarinteresser, òg ved ferdsel til eller frå fiskeplassar.
15. Garnfiske er berre tillete for grunneigarane eller dei som kan vise til at dei har lov av grunneigar. Det same gjeld for bruk av oter.

Felles fiskekort Rauland

Dette fiskekortet inngår i eit prosjekt om å tilby flest mulig fiskevatn i eit felles fiskekort på Rauland.

Følgjande fiskevatn er heilt eller delvis med i denne ordninga:

Bakketjønn, Bitdalen, Bituå, Dyrdalsvatn, Englandsmotjønni, Lognvikvatn, Oksatjønn, Rorgevatn, Stavatjønn, Stuvetråtjønni, Tansvatn, Uvatn og Vikvatn. I alle disse vatn er det aure og i Lognvikvatn, Tansvatn og Podden er det også røye å finne.

Det er berre lov å fiske i de områda som er utheva på kartet!

Fiske frå båt er berre lov i desse vatn: Bitdalen - eget båt, Lognvikvatn og Tansvatn leige båt ved Austbø Hotel eller Torbjørn Berge (tlf. 35 07 37 86), Oksatjønn og Uvatn leige båt ved Vierli Turistsenter.

Tavler med kart og informasjon står ved knutepunkt i nærleiken av noen fiskevatn, sjå på kartet.

Kortprisar: 2 dagarskort: kr 100,- Vekeskort: kr 200,- Årskort: kr 700,-

Utsalsstader: Rauland Turistkontor eller på sms

Kontaktinformasjon: Rauland Turistkontor tlf. 35 06 26 30

www.visitrauland.com

info@visitrauland.com

Send SMS til 26112

Korttype	2 dagar*	7 dagar**	Årskort (ut året)
Pris	kr 100,-	kr 200,-	kr 700,-
SMS-tekst	vb ffr <u>dato</u> 1d	vb ffr <u>dato</u> 6d	vb ffr <u>dato</u> 7d


*2 dagarskort gjeld frå startdagen og dagen etter,


**7 dagarskort gjeld frå startdagen og 6 påfølgjande dagar.

Slik skriv du sms for å kjøpe fiskekort for 2 dagar frå 6. juli: **vb ffr 0607 1d**

Hugs mellomrom. Du betalar berre vanleg sms-pris. Du får ei svarmelding med betalingsinfo. Meldinga gjeld som fiskekort, og framvisast fiskeoppsynet på forlangande. Purregebyr ved for sein betaling er kr 56,-. Har du hemmeleg nummer, må du registrere nummeret hos Rauland Turist for å kunne kjøpe fiskekort på sms.








VATN MED FELLES FISKEKORT RAULAND.
Lakes and rivers included in Rauland Common Fishing license.

VATN SOM IKKJE ER MED PÅ FELLES FISKEKORT RAULAND.
Lakes not included in Rauland Common Fishing License.



INFORMASJONSTAVLE FOR FELLES FISKEKORT RAULAND.
Information board Rauland Common Fishing License.



DU ER HER.
You are here.

- EUROPAVEI, state road
- RIKSVEI, state road
- FYLKESVEI, county road
- KOMMUNAL VEI, district road
- PRIVAT VEI, private road
- TRAKTORVEG, vehicle road
- SKITREKK, ski lift
- BEKK, stream
- DYRKA MARK, farmland
- SKOG, forest

FYLGANDE VATN ER HEILT ELLER DELVIS MED I FELLES FISKEKORT FOR RAULAND:
Bakketjønn, Biddalen, Blåa, Dyrdalsvatn, Englandsmojønni, Lognvikvatn, Oksajønn, Rorgevatn, Stavtjønn, Stuverfjelljønni, Tansvatn, Uvatn, Vikvatn.

THE FOLLOWING RIVER AND LAKES ARE COMPLETELY OR PARTLY INCLUDED IN THE RAULAND COMMON FISHING LICENSE:
Bakketjønn, Biddalen, Blåa, Dyrdalsvatn, Englandsmojønni, Lognvikvatn, Oksajønn, Rorgevatn, Stavtjønn, Stuverfjelljønni, Tansvatn, Uvatn, Vikvatn.

www.karttrossa.no
NE13889-201013






Foto: Gunnar Mjaugedal

Totak

Totak er ca. 35 km langt, og målt til om lag 350 m på det djupaste. Det er to fiskeslag i vatnet, aure og røye. Botnen er for det meste av sand og stein, og vatnet er særs klart og fint.

Totak fiskelag sel kort som gjev rett til isfiske og stongfiske i Tansåi, Bituåi opp til Fossemarkfossen og i Totak. Området er vist i oppslag på utsalsstadane. Fiske frå båt er ikkje lov.

Det må ikkje fiskast nærare føringsanlegg enn 300 meter og ikkje nær utsette garn og ruser.

Kortprisar:	Vekekort	kr 50,-
	Årskort	kr 250,-

Utsalsstader: Rauland Servicesenter (Esso)
Rauland Turistkontor
Raulandsfjell
Rauland Hytteutleige
Rauland Fjellsport

Kontaktperson: Bjørg Bakken, tlf. 35 07 33 09



Fiskekortområde

Hugs!

I enkelte områder er fiske forbode i perioden 1. september til og med 31. oktober. Dette gjelder området avgrensa av kraftlina frå Brattland over Bernes til Lofthus og opp Tansåi til Tansosen, og i eit område avgrensa av ei rett line frå Sporanes til Åmyri og opp Bituåi så langt auren kan vandre.



Rekordfiske: *Pierre Aker fiska 1285 røyer på Totalak i løpet av ei helg! "Det var djupt, men ikkje verre enn at me hadde kontroll. Fisken stod i alle vasslag og beit ofte før agnet tok botnen. Fisk på fisk kom dansande opp på isen, ofte to i lag. 1285 røyer på ein mann på ei helg må vel vere rekord?"*



Foto: Pierre Aker/Alt om fiske



Ved Austbø Hotel, Podden med Tansvatn i bakgrunnen.

Foto: Austbø Hotel

Lognvikvatn, Tansvatn og Podden

Desse tre vatna ligg mellom Austbø i Rauland og Øyfjell, søraust i Vinje kommune. Vatna er ikkje regulerte og er 74 m på det djupaste (Lognvikvatn utanfor Fundlid). Der er gode fiskestammer av aure og røye, mest røye i Lognvikvatn. Fiskekortet gjev høve til stong- og isfiske. Tilkomst ved Øygarden i aust, ved Podden og einskilde stader frå fylkesveg 801 (Austbø–Øyfjell). Me tilrår òg den merkte gamlevegen langs Lognvikstrondi som tursti.

Desse vatna ligg slik til at dei høver godt for padling, og ved normal vassføring er det mogleg å komme seg med robåt mellom Lognvikvatn og Tansvatn. På seine og stille sommarkveldar er beveren ute og driv med ”matauk”.

OBS: Det er ikkje lov å ta med eigen båt, som ikkje er desinfisert.

Lognvik krins fiskelag

Fiskelaget i Lognvik krins forvaltar den austre delen av Lognvikvatn (sjå kart). Dette laget har eit spesielt tilbod om utleige av båt og garn i sommarsesongen, og isfiske med fast plass om vinteren. Garn må leigast hos Torbjørn Berge. Eigne garn kan ikkje brukast.

Kontaktperson: Torbjørn Berge, Øygarden, tlf: 35 07 37 86



Lognvikvatn vest, Tansvatn og Podden

Lognvikvatn aust

Kortprisar:	Vekeskort; stong/isfiske	kr 50,-
	Årskort; stong/isfiske	kr 200,-
	Garn pr. døgn	kr 50,-
	Isfiske (fast plass)	kr 100,-

Utsalsstader: Grunneigarane
Rauland Turistkontor



Lognvik og Tansvatn fiskelag

Lognvik og Tansvatn Fiskelag forvaltar den vestre delen av Lognvikvatn, samt Podden og Tansvatn (sjå kart). Utleige av båt frå Austbø Hotel. Båtane ligg ved Podden.

Det er lov å fiske med stang frå båt. Oterfiske er ikkje tillate.

Kortprisar:	Vekeskort; stong/isfiske	kr 50,-
	Årskort; stong/isfiske	kr 200,-
	* Prisane blir regulerte	

Utsalsstader: Austbø Hotel
Rauland Turistkontor og grunneigarane

Kontaktperson: Boudewijn Kerssemakers, Hamarsnes, tlf. 35 07 35 75



Foto: Leif Jamtveit


Møsvatn

Møsstrand grunneigarlag blei stifta i 1972, og tel i dag 46 medlemmer, som rår over omlag 95% av rettane i og omkring Møsvatn. Møsvatn dekkjer eit areal på 67 km², og er eit fjellvatn med både aure og røye. Det blir årleg fiska opp vel 10 tonn fisk, isfisket medrekna. Grunneigarlaget sel fiskekort som gjeld så å seia heile Møsvatn. Oppslag på kortsalstaden viser område som ikkje er med i ordninga. Røya er dominerande og vinterstid kan vatnet ofte by på gode fangstar av smakfull røye. Svenske, finske og norske borgarar kjem kvart år attende for å ta del i fisket. Stongfiske om sommaren kan by på fine fangstar av aure og røye. Det er lov å fiske med stang frå båt og garnfiske er tillate etter avtale med grunneigar. Egen båt kan brukast.

Kortprisar:	Dagskort	kr 50,-
	Vekekort	kr 150,-
	Årskort	kr 500,-

Utsalsstader: Sjølvbetjeningkasser på Varland og Skinnarbu Landhandel. Eikeland/Brattås hytter/Arabu Hyttegrend, Mogen Turisthytte, Skinnarbu Høgfjellshotell og Rauland Turistkontor.

Kontaktpersonar: Harald Hovden, tlf: 35 07 42 36 / 97 14 37 13
Henning Skinnarland, tlf: 480 47 646



Fiskekortområde



Foto: Ove Bergersen



Foto: Vierli Turistsenter

Vierli (Uvatn og Oksatjønn)

Vierli Eigedom kan tilby fiske i to vatn som er lokalisert til ca. 1000 m.o.h. Det er litt vegetasjon kring vatna men dei høver seg godt til stongfiske. Vatna har flott aure med vanleg vekt på ca. 0,5 kg.

Uvatn: Aurefiske i ein mindre del av vatnet. Utleige av båt og kano ved vatnet, som ligg 300 meter frå Vierli Kafeteria.


Oksatjønn: Aurefiske i heile vatnet som ligg i bjørkebeltet. Dette gjer vatnet godt egna for stongfiske. Der er stor fisk av flott kvalitet, ofte over 0,5 kg. Utleige av båt. Det tek ca. 30 minuttar å gå frå Vierli Kafeteria til vatnet.

Fiskekort for Uvatn gjeld for avmerka område (sjå kart). Fiskekort for Oksatjønn gjeld heile vatnet.

Kortprisar: Kr 30 per person per dag per vatn. Born under 16 år fiskar gratis.
Båtleige kr 25 pr time og kr 100 per dag.

Utsalsstader: Vierli Kafeteria
Rauland Turistkontor

Kontaktperson: Erlend Larsen, tlf. 35 07 23 00 / 91 69 44 12



Fiskekortområde



Foto: Ove Bergersen

*“På fisketur i høgfjellet
kjem ein forbi mange
vakre blomar!”*



Foto: Bjørn Skinnarland


Torvetjønn

Vatnet er eit reint aurevatn og ligg i bjørkebeltet. Fiskekortet gjev løyve til fiske frå land med stong (ikkje med oter).

Kortprisar:	Dagskort	kr 30,-
	Vekekort	kr 100,-
	Årskort	kr 300,-

Utsalsstader: Det er sjølvbetjeningskasser både på den vestre og austre enden av vatnet og ein i mellom langs veggen. Elles kontakt grunneigarane.

Kontaktpersonar:	Erik Torvetjønn	tlf. 99 46 95 96 / 35 07 43 66
	Helge Aasen	tlf. 35 07 43 17
	Bjørn Skinnarland	tlf. 35 07 43 41 / 94 15 21 52



Fiskekortområde



Foto: Ove Bergersen

“På fisketur i høgfjellet får ein sjå mange vakre fargekombinasjonar”.



Foto: Kåre Hovden

Rorgevatn og Stavatjønn

Rorgevatn (715 m.o.h.) i Øyfjell kan by på aureske. Fisken har bra storleik, og det er ikkje uvanleg å få fisk kring ein kilo. Fiskekortet gjeld stongfiske frå land. Oterfiske er ikkje tillete. Rorgevatn er delt opp i to fiskekortområder, Rorgevatn Aust og Rorgevatn Vest (sjå kart). Fiskekort for Rorgevatn Aust gjeld også for austsida av Stavatjønn.

Stavatjønn (721 m.o.h) ligg like ved vegen ved Brureberget, om lag 8 km frå Rauland i retning Høydalsmo. Her er lett å få fisk. Fiskekort for Stavatjønn gjeld for austsida av vatnet (sjå kart). Fiskekort for Stavatjønn Aust gjeld også for Rorgevatn Aust.

Kontaktpersonar:

Rorgevatn Aust/Stavatjønn Aust: Aanon Lognvik, tlf. 35 07 38 07/ 40 48 13 24.

Rorgevatn Vest: Karl Inge Rorge, tlf 91 81 09 18

Dorthe Huitfeldt og Oddbjørn Carlsen, tlf. 35 07 37 05

Utsalsstader:

Rorgevatn Aust/Stavatjønn Aust: Rauland Turistkontor

Aanon Lognvik, grunneigar Groven

Rorgevatn Vest: Rauland Turistkontor, Jorunn og Karl Inge Rorge


(grunneigarar Sud Rorge), Dorthe Huitfeldt og

Oddbjørn Carlsen (grunneigarar Dyrdal).

Kortprisar:

2-dagars kort kr 100,- Vekeskort kr 200,-

Årskort kr 500,-




 Rorgevatn vest  Rorgevatn aust og Stavtjønn aust

Dyrdalsvatn

Fiske etter aure med stong og garn i delar av Dyrdalsvatn etter avtale med grunneigar. Vatnet ligg i skogsterreng med gode tilhøve for flugefiske. Dette er eit godt fiskevatn både når det gjeld mengde og kvalitet-auren kan bli opptil 1 kg. Grunneigarane arbeider for å få til ei felles fiskekortordning for heile vatnet. Fiske med oter er ikkje lov.

Kontaktperson: Oddbjørn Carlsen, Dyrdal gard. Tlf. 35 07 37 05.

Oversiktskart for Vinje kommune




*E 134 over Haukelifjell.
.....
Bergen/Haugesund*

RV. 9 Hovden/Setesdal

RV. 38 Dalen

Karta er framtilte av Vinje Kommune
Kjelde: Statens Kartverk
Mad 12002 - TE02/2



1. Felles fiskekort Rauland	s. 9
2. Totak	s. 12
3. Lognvikvatn/Tansvatn	s. 14
4. Møsvatn	s. 16
5. Vierli (Uvatn/Oksatjønn)	s. 18
6. Torvetjønn	s. 20
7. Rørgjev./Stavatj./Dyrdalsv.	s. 22
8. Vinje	s. 26
9. Grungedal/Mogane	s. 28
10. Tveitevatn	s. 30
11. Vågslid og Haukelifjell	s. 32
12. Havradalseigedommen	s. 34
13. Storheller	s. 36
14. Berunuten Vest	s. 38
15. Rauland Statsalmenning	s. 40
16. Hardangervidda	s. 44
17. Argehovd	s. 45

RV. 37 Rjukan/Kongsberg/
Oslo

E 134 Seljord/Oslo/
Bø/Skien



- Fylkesveg
- Riksveg
- Kommunal veg
- Privat veg
- Sti
- Vatn
- Myr
- Skog



Foto: Sigrid Torgrimsen

Vinje

Vinje grunneigarlag sel fiskekort for Vinjevatn, Våmarvatn og mange tjønner i området. Vatna ligg under skoggrensa i varierende skogsterreng. I Vinjevatn og i Våmarvatn er det røye og aure, i dei andre tjønnane berre aure. Storleiken på fisken varierar, men kvaliteten er god i dei fleste vatna. I Langesæ er snittvekta på aure 0,4 kg og i Våmarvatn blir det teki aure på fleire kilo på stong kvart år. Rekordfisken teken på stong i Våmarvatn er på heile 9,5 kg! Dei fleste andre tjønnane har aure av fin storleik med raudt og fint kjøtt. Stongfiske frå land er bra i alle tjønnane.

Kortprisar: Dagskort kr 50,-
 Vekekort kr 100,-
 Årskort kr 150,-
 * Prisane vert regulerte



Utsalstader: Vinje Servicesenter (Esso) i Åmot
Mjonøy handverk- og kultursenter
Knut Erik Jordstøyl på Våmartveit



Kontaktperson: Kari Tellefsen, tlf: 45 40 55 54



Foto: Sigrid Torgrimsen

Grungedal/Mogane

Grungedal Fiskarlag kan tilby fiske i to vatn, Grungevatn og Lonine og elvestrekka mellom vatna. Dette vassdraget er ca. 10 km langt og utgjør ca. 2,5 km². Det finst berre aure i vassdraget, og storleiken kan variere frå 100 til 500 gram. Større aure blir fanga med jamne mellomrom. Kvaliteten på fisken er gjennomgåande god. Store delar av strendene er fine å gå langs, og det er også rydda fiskevegar og fiskeplassar langs elvestrekket som er godt egna til flugefiske.

Kortprisar:	Dagskort	kr 30,-
	Vekekort	kr 100,-
	Årskort	kr 250,-


Kortprisar for oterfiske:	Døgnpris	kr 50,-
	Årskort	kr 250,-

* Prisane vert regulerte

Det kan fiskast frå land og frå båt, med både stang og oter. Det er mogleg å leige båt.

Utsalsstader: Svalastog Gard og Keramikkverkstad, Grungedal
Grungedal Camping

Kontaktpersonar: Jan Gunnar Tovsland, tlf. 90 19 96 05



Fiskekortområde



“Badeliv ved Grungevatn”

Foto: Sigrid Torgrimsen



Foto: Svein Ekre

Tveitevatn

Tveiten fiskarlag kan by på fiske etter aure i Tveitevatn (525 m.o.h), som strekker seg frå Grungevatn og til Edland. I dette næringsrike vatnet finst fleire ulike auretyper som gjer vatnet attraktivt for både sommar- og isfiske. Vatnet er berre 20 m på det djupaste. Oterfiske er forbode. Det er ikkje høve til å bruke eigen båt eller motor, men dette kan leigast av grunneigarane.


Tveitevatn er delt opp i to fiskesoner (sjå kart). Prisane nedanfor gjeld per sone.

Kortprisar:

Døgnkort: kr 50,-
Vekeskort: kr 250,-

Utsalsstader: Lindskog Autoservice (Esso) i Haukeli.

Kontaktperson: Svein Ekre, tlf. 35 07 02 83 / 95 89 03 10.



Sone 1

Sone 2



Foto: Svein Ekre



Velkomen til Vågslid og Haukelifjell

-med fiskestong i handa!

Vågslid Grunneigarlag ynskjer velkomen til fiske i sitt område i Vågslid og på Haukelifjell. I eit høgfjellsterreng på meir enn 130 000 mål, 800-1600 m.o.h., ligg omlag 70 vatn og tjønner, innanfor eitt fiskekortområde.

Noko av det fremste fjellfisket i Sør-Noreg kan dette området tilby, særleg retta mot den som er viljug til å gå litt, i eit terreng som elles er lettgått og vakkert. Her er rydda og merkte stiar, istandsette bruer og klopper, samt restaurerte kulturminne. Det er elles eit flott fiskevassdrag heilt inntil europavegen, i ei strekning over 20 km.





Foto: Halvor Vinje



Foto: Halvor Vinje

Mange av vatna ligg i eit regulera vassdrag, noko som medfører at det kvart år blir satt ut fleire titusen fiskeyngel. I mange av vatna blir det kvart år fiska skikkelege staurar!



 Nokon av vatna fiskekortet gjeld for

NB! Fiskekortet dekkjer ikkje heile Bordalsvatn

Kortprisar:	Dagskort	kr	60,-
	Vekekort	kr	200,-
	Årskort	kr	400,-

Kontaktperson: Åse Heggenes, tlf. 35 07 05 34.

Utsalsstader: MX – Sport i Haukeli, Lindskog Autoservice A/S (Esso)
Vågslid tun Hotell A/S, Arbutun, Arbuvollen Fjellbutikk
Haukeliseter Fjellstue

Vågslid har mange alternativ for overnatting,
frå enkel til høg standard.



VÅGSLID



GRUNNEIGARLAG

Velkomen til Vågslid, bygda ved Vidda!

For meir informasjon: www.vaagslid.no



Holmasjøen

Foto: Kåre Hovden

Haukelifjell - Hauradalseigedommen


Haukeli Jeger og Fiskarforeining (HJFF) sitt fiskekortområde dekkjer mellom anna vatna Mannevasstjønn, Mannevatn, Holmasjøen, Poddevatna og delar av Bordalsvatn, Sandvatn og Årnotvatni (sjå kart). Alle desse vatna er på eit fiskekort.

Haukeliseter Fjellstue på Haukelifjell er eit godt utgangspunkt for fisketurar til dei fleste av desse vatna. Garnfiske (berre å få kjøpt på Haukeliseter Fjellstue, tlf. 35 06 27 77). Leige av 5 stk. garn med dobber og båt for kr 350,- pr. natt.

Kortprisar:	Dagskort	60,-
	3 dagars kort	150,-
	Vekeskort	200,-

Utsalsstader: Haukeliseter Fjellstue
Lindskog Autoservice (Esso), Haukeli

Kontaktperson: 45 00 80 88



Vatn fiskekortet dekkjer



Storheller på Hardangervidda

Foto: Rolf Selvik

Storheller

I nordvestre del av Vinje ligg fjellterrenget Storheller. Det er på 62 500 dekar og strekker seg frå nordenden av Songavatn til fylkesgrensa til Hordaland. I tidlegare tider vart terrenget mest nytta som beite, og det var 14 læger der gjetarane kunne overnatte. Desse lægene var plasserte slik at det i tillegg til å vere gode beiteområde, også var gode jakt- og fiskeplassar. Dei ca. 15 større og mindre vatna, som ligg på 1000–1200 m.o.h., kan by på fin aure. Det er båtar i fleire av vatna. Utleige av 3 hytter som er godt utstyrte med alt som trengst til opphald, har ved til oppvarming, propan til koking og solstraum til lys. I tillegg er det 2 restaurerte læger som kan nyttast som eit krypinn for 2-3 personar.

Stongfiske er lov frå land og båt - båtar er til disposisjon for hytteleigere.


Oterfiske tillate. Garnfiske tillate etter avtale med grunneigar.

Det er moglegheit for å leige båt inn Songa, inntil ein veke, kr. 700 eks. bensin. (17 fot, 20 HK)

Kortprisar:	Helgekort	kr 75,-
	Veke/årskort	kr 200,-

Hytteleige:	Alt medrekna inkl. båtar kr 150,- pr. pers./døgn eller min. kr 350,- pr. døgn.
-------------	---

Utsalsstader:	Haukeliseter Fjellstue Lindskog Auto-Service (Esso) i Haukeli
---------------	--



Vatn fiskekortet dekkjer

Kontaktperson: Nikolai Selvik tlf. 48 13 36 44
e-mail: nikolai.selvik@c2i.net
Internett: www.brselvik.no/reinsjakt





Midtre Berutjønn

Foto: Lasse Mathisen


Berunuten vest

Vinje kommune eig fjelleigedomen Berunuten vest, nord for Songavatn. Heile eigedomen er på ca 90000 dekar, og ligg i høgdelaget frå 900 til 1400 m.o.h. Sportsfisket, småviltjakt og dei 7 hyttene som ligg spreidde på eigedomen er opne for alle. Dei om lag 15 vatna har reine aurestammer med jamt god kvalitet. I nokre av vatna er det stor og gild fisk, medan einskilde vatn har for mykje og dermed meir småvoren fisk. Den vanlege storleiken er frå 0,2 til 1 kilo. Utanom desse vatna har Songa og Songavassdraget inn mot Hardangervidda ei rekkje fine fiskeplassar der alt ligg til rettes for gode fangstar av flott aure. Alle desse vatna ligg i ope lende på høgfjellet, og er dermed vel eigna for stongfiske av alle slag. Berre langs Songaåi og Songa er det bjørkeskog. Vinje Kommune ynskjer deg velkommen til eit fantastisk område. Skitt fiske!

Kortprisar: *Sportsfiske innanbygds Sportsfiske utanbygds*

Dagskort	kr 50,-	kr 75,-
Vekeskort	kr 150,-	kr 200,-
Årsskort	kr 300,-	kr 350,-

* Prisane blir regulerte.



Fiskekortområde



Utsalssteder:

Rauland Servicesenter (Esso)
MX Sport Haukeli
Turistinformasjonane i kommunen
www.inatur.no

Internett: www.vinje.kommune.no (sjå under friluftsliv i venstre menyen)
Bomveg inn til Songadammen med betalingskasse. Priser: kr. 30,-.



Foto: Richard Moen

Rauland Statsallmenning

Rauland Statsallmenning ligg innanfor Hardangervidda Nasjonalpark og går inn på kartblad Songavatn 1414-I, Møsstrond 1514-IV eller Hardangervidda Øst. Allmenningen er på omlag 68000 dekar høg fjell, 1300–1600 m.o.h. Dei fleste vatna i allmenningen har aure av god kvalitet. Lettaste adkomst er frå Songa (Trolldalsdammen) sumarstid. Venemo, vinterstid. Fjellstyret eig 3 hytter på allmenningen.


Kortpriser:


3 dagars kort	kr 60,-
Vekeskort	kr 100,-
Årskort	kr 300,-

Fiskekortet gjeld for stong- og isfiske.

* Prisane blir regulerte.

Det blir også selt sams fiskekort med Vinje si avdeling av Hardangervidda grunneigarsamskipnad (HG).



 Vatn fiskekortet gjeld for

Utsalsstader: Rauland Servicesenter (Esso)
Lindskog Auto-Service (Esso) i Haukeli
Rauland Turistkontor



Kontaktpersonar: Dorthe Huitfeldt, leiar. Tlf. 35 07 37 05.
Helge Bitustøyl, sekretær.

Kontaktinformasjon: Tlf. 90 21 35 10 / e-post: rauland@fjellstyrene.no

Hardangervidda

Lokallaget i Vinje av Hardangervidda Grunneigarsamskipnad arbeider for å få medlemmer og andre med på ei sams fiskekortordning. Så langt er desse eigedomane med: Berunuten vest, Storheller, Austre og Vestre Vollane, Mogen, Li, diverse småeigedomar rundt og i Bitdal, dessutan Rauland Statsålmønning.

Alle vatna er reine aurevatn, og så godt som alle ligg over skoggrensa. Vanlegvis bit fisken best på ettersommaren, men han kan og vera i godt bit rett etter islysing. Storleiken varierer frå vatn til vatn, men kvaliteten er god i dei fleste. Vatna innanfor Mogen lyt nemnast særskilt, dei er blant dei beste på heile Hardangervidda. Er ein heldig, heng både kilofisken og den som større er på kroken!

Elles skal ein merke at sume eigedomar ikkje ynskjer sportsfiskarar under reinsjakt, dvs frå 20. august. Konkret gjeld dette Austre og Vestre Vollane. Ein bed om at dette blir respektert.


Kortprisen i 2011 er kr 250,- for tidagars kort og kr 500,- for årskort.

Utsalsstader er Rauland Turistkontor, Mogen Turisthytte og Tenestetorget, Vinje kommune.

Kontaktperson er Johan Vaa, tlf. 35 07 32 08/ 99 45 94 70

Vatn ordninga gjeld for:

Briskevatn
Bamsebutjørnane
Bitdalsvatn
Blånutjørnane
Boshovdtjørnane (austsida)
Bruttjørnane
Dargesjåen
Eggetjørn (sudsida)
Filleherbergvatn
Fiske-tjørnane
Fjellsjåen



FISKEKORTORDNING






Foto: Sigmund Holte, Fjellsjøen

Hardangervidda

Avdelinga i Vinje av Hardangervidda grunneigarsamskipnad arbeider for å få så mange av medlemene som råd med på ei sams fiskekortordning. Så langt er desse private og offentlege eigedomane med: Storheller, Berunuten vest, Austre Vollane, Mogen, Li og diverse småeigedomar i og rundt Bitdal, dessutan Rauland Statsallmenning.

Alle vatna er reine aurevatn, og så godt som alle ligg over skoggrensa. Vanlegvis bit fisken best på ettersommaren, men han kan ofte vera i godt bit rett etter isgangen. Storleiken varierer frå vatn til vatn, men kvaliteten på fisken er god i dei fleste. Vatna innafor Mogen bør særleg nemnast, dei er blant dei beste på heile Hardangervidda. Er ein heldig, heng både kilosfisken og den som er endå større på kroken.

Kortprisar: 10 dagarskort kr 250,-
 Årskort kr 500,-

Kontaktperson: Johan Vaa, tlf: 35 07 32 08 / 99 45 94 70
e-post: jov@telefiber.no

Utsalsstadar: Rauland Turistkontor
 Mogen Turisthytte
 Tenestetorget



Foto: Guro Lien

Argehood

Garden Argehovd (1000 m.o.h) i nordenden av Møsvatn kan tilby følgjande:

Fiske etter aure i Kvenna-vassdraget

I elva som er freda for regulering går grov aure som beiter røye i Møsvatn. Vanleg storleik på fisken i Kvenna er frå 0,2 til 2 kg, men eksemplar heilt opp til 7 kg er fiska med stong. Fiskekortet dekkjer ca. 1 mil av elva.

Vest for Kvenna ligg Urdevatn, Midttjønn og Skartjønn. Vatna varierar i storleik og ligg frå 1100 til 1300 m o.h. med reine aurestammer av særleg fin kvalitet. Vanleg storleik på auren er frå 0,5 til 1 kg. For å kunne fiske i desse vatna og fleire andre gode fiskevatn i området må ein leige hytte. Båttransport og overnatting kan ordnast.

Fiskekort til Kvenna får ein kjøpt på Argehovd og på Mogen Turisthytte.

Taxibåt: 35 07 41 22 / 48 04 72 55

Kortsal: 1. juli – 1. sept.

Kortprisar :	Dagskort	kr 50,-
	Helgekort	kr 100,-
	Vekeskort	kr 150,-



Pakketurar med hytte og fiske på Hardangervidda

Dette er opplegg selde som samla “pakker” der det meste er inkludert: Båttransport tur/retur Møsvatn; koselege hytter med 6 sengeplassar som ligg ved gode fiskevatn inne på fjellet i ein uvanleg vakker natur; båt og garnfiske. Det tek frå 1 til 4 timar langs merkte stiar i lett terreng å gå til dei ulike hyttene. Pakkene passar framifrå for barnefamiljar.



Dei som ønskjer det kan også leige klyvhest for å frakte bagasjen inn i fjellet.

Kontaktpersonar: Anne Gro og Åsmund Løvås.
Tlf./faks: 35 07 41 22 / 48 04 72 55
E-post: post@argehovd.no
Internett: www.argehovd.no



Trykt 2011
Tar forbehold om event. endringar og feil.



Trykk: Erik Tøntche Nilsen AS, Skien. Forside: Pilot Kommunikasjon AS. Bilde bakside: Kjjetil Momrak Photo. Teikningar: Ole Storm og Jostein Kristiansen. 2 fiskar teikna av Eldar Oldrøyen.